# Årsmelding og rekneskap 2019




Coop Hordaland SA

# SPAR PENGER
# SOM MEDEIER I COOP



Hugs å skanne appen eller medlemskortet ditt kvar gong du handlar!



Skann medlemskortet eller appen i kassa, så får du minimum 1 % kjøpeutbytte på alt du handlar.



1,5 % bonus hos Coop + 0,5 % alle andre stader* med Coop Mastercard. **Søk på coop.no/mastercard**



Personlege kupongar som gir ca. 20 % avslag

Få med deg medlemskuppa på e-post, coop.no eller i Coop-appen

Bruk Coop-appen og få 11 % medlemsbonus på frukt og grønt hos Extra

Bruk Coop-appen og få 20 % medlemsbonus på bleier, barnemat og babywipes hos Extra

Bruk Coop-appen og få 20 % medlemsbonus på alt frå Änglamark hos Coop Mega

Bruk Coop-appen og få 20 % medlemsbonus på alt frå Vegetardag-serien hos Coop Mega



Skann gjenbrukskoden på handlenettet og få 1 kr i medlemsbonus i staden for å betale for plastpose. Bra for miljøet!

Registrer betalingskortet ditt i Coopay i medlems-appen – så treng du berre å ta med mobilen når du skal handle hos Coop

45 øre ** medlemsbonus når du tanker hos Circle K. Gjeld også betente Best-stasjonar.

Få rimeleg hotellovernatting med Coop HotellKupp. Frukost er inkludert. **Bestill på coophotellkupp.com**

55 øre medlemsbonus når du fyller drivstoff hos YX

2 % bonus på straumforbruk og 200 kr i velkomstbonus. Bestill Coop Straumavtale i dag på telefon 38 60 85 00 eller på **coop.no/los**

Få 8 % medlemsbonus på lading av elbil hos Grønn Kontakt. **Aktiver din ladebonus på coop.no/gronnkontakt**

1,5 % bonus på forsikrings-premien, i tillegg til eventuelle andre rabattar. **Bestill på if.no/coop**

RIKS TEATRET

50,-/100,- rabatt på framsyningar. **Les meir på coop.no/riksteatret**

5 % medlemsbonus på digital abonnement frå Aftenposten, Bergens Tidende, Stavanger Aftenblad og Fædrelandsvennen. **Bestill på coop.no/digitale-aviser**

30-50 % rabatt på billettar. **Les meir på coop.no/eliteserien**

600 kr i rabatt kvar gong du bestiller ferie frå Ving – Noregs største reisearrangør. **Alltid best pris på coop.no/ving**

*Gjeld ikkje i konkurrerande daglegvare- eller byggevareforretningar, og gjeld opptil 2.500 kr i bonus pr. år. Eff.rente 26,17 %, 15.000 kr 0/12 mnd. Kostnad 1.501 kr. Totalt 16.501 kr.
**Gjeld ikkje avgiftsfri diesel

**Les meir om alle fordelane på coop.no/medlem**

# Styret si årsmelding

Selskapet er morselskap i konsernet Coop Hordaland. Hovudtyngda av verksemda i konsernet er salg av handelsvarer til medlem og kundar. Coop Hordaland SA omset for det meste daglegvarer og byggjevarer, men konsernet omset i tillegg elektriske artiklar, sport, klede og sko.

Coop Hordaland SA vart etablert i 2001 etter ein fusjon med 6 sjølvstendige samvirkelag. I 2015 vart Coop Jondal fusjonert inn i selskapet.

Hovudkontoret ligg på Kokstad i Bergen. Coop Hordaland SA driv i dag 43 butikkar innanfor kjedekonsepta til Coop. Coop Hordaland SA har verksemder i Hordaland samt i Flåm og Vik i Sogn.

Coop Eiendom Vest AS er eit holdingselskap med 12 heileigde dotterselskap, der kvart selskap eig ein næringseigedom for utleige. Dette er i all hovudsak konsernintern leige til Coop Hordaland SA. Gjennom Coop Eiendom Vest AS sikrar selskapet seg tilgang til lokale i attraktive område. I tillegg eig selskapet Vestlundveien 9 AS som har ein utviklingseigedom i Fyllingsdalen.

Coop Hordaland Eiendom AS vart etablert hausten 2016. Selskapet er eigd 50/50 saman med Coop Norge Eiendom. Dette selskapet kjøpte kjøpesenteret Horisont i januar 2017. Coop Hordaland Eiendom AS eig og Bergen Logistikkbygg AS.

## 2019

Daglegvarebransjen i Noreg har i ei årrekke vore dominert av nokre få, store aktørar, der Coop har vore nummer to etter volum og marknadsdel. I Hordaland har Coop ein marknadsdel på 25,6% i 2019.
Fleire nye aktørar har etablert seg i daglegvarebransjen; nye kanalar av ulike løysingar innanfor netthandel, variantar av at kunden hentar varen hjå utleveringstad, eller varene vert levert heim til kunden. For byggjevarehandel har vi ein særs sterk posisjon i «gjer-det-sjølv»-marknaden med nær 60% marknadsdel.

Som i tidlegare år har marknaden vore prega av sterk konkurranse og kraftig press på prisane. Daglegvarehandel, som utgjorde 82% av total omsetnad i Coop Hordaland, hadde tilnærma nullauke i omsetnad. Dette skyldes endra strategi og auka fokus på lønsam drift for på den måten å auke moglegheitane for reinvesteringar i butikkane. Veksten i daglegvarebransjen i Noreg i 2019 var på 1,4%. Bygg har derimot snudd trenden frå 2017 der "gjer-det-sjølv" marknaden stagnerte noko i vår regioner.. Bygg i Coop Hordaland hadde ei auke på heile 1,7% i 2019 mot ein generell nedgang for byggmarknaden i Hordaland på -2,0%.

Det har vore fleire viktige hendingar i 2019. I mars vart butikken på Søreide gjenopna som Extra etter å ha vore stengd sidan mars 2017. Nokre veker etter, opna vi Extra Dalekvam (tidlegare Prix Dale). Butikkane har synt ei fin utvikling i omsetnad sidan oppstart.

Resultatet vårt for 2019 er isolert sett ikkje tilfredsstillande. Det må presiserast at fleirtalet av butikkane leverer gode resultat og at det er større underskot frå eit fåtal butikkar som trekk kraftig ned. Ingen eigedomsgevinstar er realisert i 2019.

Morselskapet Coop Hordaland SA har no ein eigenkapitaldel på 23%. Over tid har Coop Hordaland satsa på eigedom og auka balansen i konsernet. Dette gjev ein bokført eigenkapital på 19,3%. Coop Hordaland SA har òg eigedomar med låg historisk kost i rekneskapen. Den verdijusterte eigenkapitalen i konsernet er estimert til MNOK 575 og utgjer ca. 38 % av verdijustert balanse.

## ØKONOMI

Omsetnaden i Coop Hordaland SA auka frå 3.396 MNOK i 2018 til 3.407 MNOK i 2019. Dette inneber ein auke i omsetnad på MNOK 11 eller 0,32%.

Konsernet si samla netto driftsinntekt vart MNOK 3 407.

Samla bruttoforteneste for 2019 er på MNOK 692. For året totalt endar vi noko opp i prosent i høve til 2018 – bruttoforteneste på 20,5 % kontra 19,7%. I bruttofortenesta inngår og svinn. Samla svinn er stabil i høve til føregåande år.

Netto kontantstraum frå dei operasjonelle aktivitetane i konsernet var MNOK 110 i 2019 mot MNOK 82,5 i 2018. Netto kontantstraum nytta til investeringar var MNOK -62 inneverande år mot MNOK -60 i 2018.Investeringane er i all hovudsak nytta til nyetableringar, omprofileringar og oppgradering av butikk.

Avskrivningar på balanseførte investeringar i eigedomar, butikkutstyr/ innredninger og anna driftsmateriell enda på MNOK 55,1, ein reduksjon på MNOK 0,9 samanlikna med året før.

Personalkostnadene har auka marginalt med 0,9 % frå 2018 til 2019. Personalkostnadene auka frå MNOK 384 til MNOK 387 i 2019 mellom anna grunna bortfall av varepåfyllarar.

Enkelte av konsernet sine kostnader er bunde opp mot omsetnaden, dvs. at desse aukar i takt med omsetnadsauken. Døme på dette er husleige, senterkostnader og kjedeavgift. Dette saman med behov for reparasjonar, vedlikehald, utskifting av utstyr, kjøl og frys har gitt auka driftskostnader. Dei auka frå MNOK 277 i 2018 til MNOK 283 i 2019.

Resultatet i konsernet vart positivt med MNOK 6, ein forbetring frå førre år på MNOK 5,3. Resultatet i Coop Hordaland SA vart positivt med MNOK 11,4.

Totalkapitalen for Coop Hordaland SA ved utgangen av året var MNOK 1.257 , samanlikna med MNOK 1.218 året før. Av ein samla totalkapital på MNOK 1.257 pr. 31.12.19 er 60,9 % finansiert med eigenkapital, langsiktig bankgjeld eller langsiktig låneinnskot frå medlemane.
Låneinnskota frå medlemane har på ei anna side ikkje ein fast avdrags- og forfallsstruktur. Det ser framleis ut til at renta vil vera låg i tida framover, og med dei konkurransedyktige rentevilkåra som vert gjeve på desse innskota, saman med attraktive nettbaserte løysingar for kundar, reknar ein med at innskotsvolumet vil halda seg. Ut i frå dette, ser styret seg nøgd med den finansielle situasjonen i selskapet, og vurderer den finansielle situasjonen i selskapet som god.

Totalkapitalen for konsernet ved utgangen av året var MNOK 1.490. Eigenkapitalen pr. 31.12.19 utgjorde 19 % av totalkapitalen. 47,7 % av balansen i konsernet er investeringar i varige driftsmiddel for å sikra drift i konsernet sine butikkar.

Konsernet og selskapet har som målsetjing å oppretthalde ei sterk finansiell handlefridom. Eigenkapitalen skal tilpassast verksemda si målsetting, strategi og risikoprofil. Etter styret si vurdering må eigenkapitalen til konsernet og selskapet betrast for å verkeleggjere vedtekne mål og strategiar. Styret er opptatt av at Coop Hordaland SA lukkast med auke i omsetnaden som vil vera avgjerande for framgang i lønsemda. Framover må det og jobbast med ytterlegare forbetringar i svinn, produktivitet og kostnader.

Styret meiner at årsrekneskapen gjev eit rettvisande bilete av konsernet og selskapet si verksemd og resultat for 2019. Årsrekneskapen er sett opp under føresetnad om at drifta skal halda fram og føresetnaden er vurdert å vera til stades.

Styret er ikkje kjent med at det har kome fram opplysningar etter rekneskapsårets slutt som er av vesentleg verdi for vurderinga av konsernet og selskapet si stilling.

## FRAMTIDSUTSIKTER

Det er venta ei auke for daglegvarebransjen i 2020 på nivå med 2019. Vridinga mot lågpris vil halda fram. Både Coop Hordaland SA og konkurrentane har planar om å etablere fleire nye lågprisbutikkar i vårt område. Dette vil setje press på både omsetnadsauken for eksisterande butikkar og bruttomargin i bransjen. Coop Hordaland SA si satsing på lågpriskonseptet vil halde fram og er venta å gje ein omsetnadsauke. Innan faghandel vil konkurransenivået gje press på marginar. Marknaden har vore god i starten av 2020 med sterk omsetnadsauka for Coop Hordalands butikkar, samanlikna med dei to fyrste månadane i 2019. I ein marknad med stadig sterkare konkurranse er det viktig med dyktige og motiverte tilsette som gjev våre kundar ei god oppleving i butikk samt gjennomgåande god kontroll på svinn og kostnader.

Coop Hordaland vil satsa vidare på å gje kundane våre den beste handleopplevinga, i butikkane våre.

## HENDINGAR ETTER BALANSEDAGEN

Det er vanskeleg å fullt ut kunna føresjå verknadene på kort, mellomlang og lang sikt av situasjonen som har oppstått i samband med utbrotet av Covid-19. Selskapa har førebels ikkje vorte vesentleg finansielt påverka av Covid-19 utbrotet. Salet er ikkje vesentleg påverka som følgje av utbrotet, og det er ikkje indikasjonar på verdifall på eigedelane i balansen.

Utover dette har det ikkje forekome hendingar etter balansedagen som har betydning for bedømminga av årsrekneskapen eller konsernrekneskapen.

## TILSETTE OG LIKESTILLING

Konsernet og selskapet har som mål å vere ein arbeidsplass som trekkjer til seg og held på dyktige medarbeidarar med like rettar og moglegheiter for kvinner og menn.

Ved utgangen av 2019 hadde konsernet og Coop Hordaland SA 1.230 tilsette, av desse var alle tilsett i Coop Hordaland SA. Dette utgjer 702 årsverk. Totalt har 1.675 personar vore løna i Coop Hordaland i løpet av 2019.

55% av våre medarbeidarar er kvinner. Coop Hordaland SA har 53 % kvinnelege butikksjefar. Fire av sju medlemar i leiargruppa er kvinner. Andelen av kvinner i leiande stillingar er god. Det er difor ikkje sett i gong spesielle tiltak med tanke på likestilling i Coop Hordaland SA. Selskapet vil halde fram med å oppretthalde den gode balansen mellom kjønna. Styret i Coop Hordaland SA er samansatt av 5 kvinner og 3 menn.

## DISKRIMINERING

Selskapet har som føresetnad å være ein arbeidsplass der det ikkje førekjem diskriminering på grunn av etnisk opphav, nasjonalt opphav, avstamming, hudfarge, språk, religion, livssyn eller nedsett funksjonsevne. Styret vurderer situasjonen som tilfredsstillande, og har derfor ikkje sett det naudsynt å setje i verk tiltak.

## HELSE, ARBEIDSMILJØ OG TRYGGLEIK

Sjukefråveret har dei siste åra auka noko og ligg no på 7,1 %. Det er sjukefråværet over 16 dagar som aukar medan fråværet under 16 dagar har stagnert. Sjukefråværet over 16 dagar er no på 5% av dei totalt 7.1% i 2019. Vi har eit godt samarbeid med NAV og arbeidar struktuert og målretta med oppfylgjing. Vi treng likevel auka fokus på sjukefråværet og har difor inngått ein avtale med ekstern aktør for yter bistand i den operative oppfølginga.

Dei tilsette sin motivasjon og kompetanse er sentralt for god drift i butikk og god kundeservice. Coop Hordaland set kompetanse høgt og meiner dette er ein stor konkurransefordel i dagens pressa marknad. I 2019 har vi difor satsa vidare på å løfte kompetansen ute i butikk.

Coop Hordaland SA hadde 23 innmelde yrkesskadar i 2019 mot 29 innmelde yrkesskadar i 2018. Av hendingane i 2019 var det 1 som er klassifisert som alvorleg.

## BEREKRAFT

Coop arbeider kontinuerleg for å sikra berekraft med tanke på det eksterne miljøet, det økonomiske, og ikkje minst det sosiale.

Coop-dugnaden har så langt gjeve meir enn 5000 barn moglegheiter til å drive med dei fritidsaktivitetane dei ynskjer. Saman med Røde Kors gjev Coop gjennom øyremerka beløp frå Änglamark-serien økonomisk støtte til familiar med låg inntekt, slik at barn får delta i sin ynskja fritidsklubb.

Når vi no går inn i eit nytt tiår ynskjer Coop å fortsette vårt fokus med å vera ein av aktørane som bidreg til å gjera ein skilnad. Derfor er 2019 eit år som i stor grad har hatt fokus på å tilretteleggje for framtida., Sidan meir enn 30 prosent av våre nye medeigarar er under 29 år, må vi forvente at det vil settas andre krav til oss i åra som kjem.

Coop Norge er samvirkelaga sin viktigaste samarbeidspartnar for å bidra til ei meir berekraftig verksemd. Coop Norge sin Års- og berekraftsrapport skildrer status og resultat for arbeidet med berekraft i Coop-fellesskapet. Rapporten og ytterlegare informasjon kan finnast på www.coop.no/coop-og-barekraft.

Styret i Coop Hordaland ser det som viktig at strategiske berekraftstiltak får endå større plass i verksemda i tida som kjem. Berekraft handlar allereie no om risikoreduksjon, tilgang på viktige råvarer, omdøme og ikkje minst om å oppfylla våre medeigarar sine forventninger.

Styret syner til øvrige delar av rapporten for utfyllande informasjon om korleis Coop Hordaland arbeider med bærekraft.

## DISPONERING AV ÅRETS RESULTAT

Coop Hordaland SA hadde i 2019 et årsresultat i morselskapet på MNOK 11,4. Styret foreslår fylgjande disponering av årets resultat (alle tal i heile tusen):

| | Morselskap | Konsern |
|---|---|---|
| Overført til anna eigenkapital | 11 449 | |
| Overført til fond | - | 5 993 |
| Overført til minoritet | - | 54 |
| **Sum overføringar** | **11 449** | **6 047** |

Styret vil takka alle kundar som har handla i butikkane våre og alle medlemmar som har støtta laget gjennom kjøp og innskot. Styret vil òg takka dei tilsette i Coop Hordaland SA og dei medlemsvalgte for flott innsats i 2019.

Bergen 31. desember 2019/ 10. mars 2020

Jørn Lekve
Styreleiar

Christine Flataker Johannessen
Nestleiar

Trude Jacobsen
Styremedlem
COOP Norge SA

Thomas Samdal
Styremedlem
Valt av medlemane

Hilde Førland
Styremedlem
Valt av medlemane

Hilde Klever
Styremedlem
Valt av dei tilsette

Cathrine Henriksen
Styremedlem
Valt av dei tilsette

Trygve Lerch Dahl
Styremedlem
Valt av dei tilsette

Lise Komnæs Jæger
1. vararepresentant
Valt av medlemane

Per Kristian Sandal
1. vararepresentant
Valt av dei tilsette

Lise Skarpås
Administrerande direktør

# Coop Hordaland SA
## Resultatrekneskap

| KONSERN 2019 | % | 2018 | % | (Alle tall i heile tusen kroner) | Note | MORSELSKAP 2019 | % | 2018 | % |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | **DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER** | | | | | |
| 3 407 352 | | 3 396 942 | | Salsinntekt | 1,19,20 | 3 407 352 | | 3 396 942 | |
| -36 580 | | -38 995 | | Kjøpeutbyte til eigne medlemer | 1 | -36 580 | | -38 995 | |
| 3 370 772 | | 3 357 947 | | Salsinntekter netto | | 3 370 772 | | 3 357 947 | |
| 2 679 024 | | 2 695 978 | | Varekostnad | | 2 679 024 | | 2 695 978 | |
| **691 748** | 20,5 % | **661 969** | 19,7 % | **Bruttovinning** | | **691 748** | 20,5 % | **661 968** | 19,7 % |
| 75 905 | | 81 927 | | Andre driftsinntekter | 19 | 63 963 | | 71 131 | |
| **75 905** | 2,3 % | **81 927** | 2,4 % | **Sum andre driftsinntekter** | | **63 963** | 1,9 % | **71 131** | 2,1 % |
| **767 652** | 22,8 % | **743 896** | 22,2 % | **Sum driftsinntekter** | | **755 710** | 22,4 % | **733 099** | 21,8 % |
| | | | | **DRIFTSKOSTNADAR** | | | | | |
| 387 005 | 11,5 % | 383 548 | 11,4 % | Lønskostnadar | 2 , 10 | 387 005 | 11,5 % | 383 548 | 11,4 % |
| 66 201 | 2,0 % | 66 841 | 2,0 % | Ordinær avskriving | 3 | 55 133 | 1,6 % | 55 984 | 1,7 % |
| 283 307 | 8,4 % | 277 436 | 8,3 % | Andre driftskostnadar | 2 | 303 554 | 9,0 % | 297 535 | 8,9 % |
| **736 514** | 21,9 % | **727 825** | 21,7 % | **Sum driftskostnadar** | | **745 693** | 22,1 % | **737 067** | 21,9 % |
| **31 138** | 0,9 % | **16 069** | 0,5 % | **Driftsresultat** | | **10 017** | 0,3 % | **-3 968** | -0,1 % |
| | | | | **FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADAR** | | | | | |
| 715 | | 437 | | Andre finansinntekter | | 12 210 | | 11 370 | |
| 8 266 | | 5 630 | | Renteinntekter | | 3 860 | | 2 368 | |
| 27 521 | | 26 112 | | Rentekostnadar | | 10 401 | | 10 346 | |
| -2 637 | | 4 786 | | Resultatandel tilknytta selskap | 18 | | | | |
| **-21 177** | -0,6 % | **-15 259** | -0,5 % | **Netto finansresultat** | | **5 669** | 0,2 % | **3 392** | 0,1 % |
| **9 962** | 0,3 % | **811** | 0,0 % | **Ordinært resultat før skattekostnad** | | **15 686** | 0,5 % | **-576** | 0,0 % |
| 3 915 | | -74 | | Skattekostnad | 11 | 4 237 | | -824 | |
| **6 047** | 0,2 % | **738** | 0,0 % | **ÅRSRESULTAT** | | **11 449** | 0,3 % | **-1 400** | 0,0 % |
| **5 993** | | **727** | | **Majoritet sin andel** | | | | | |
| **54** | | **11** | | **Minoritet sin andel** | | | | | |
| | | | | **Overføringar** | | | | | |
| | | | | Overført til/fra anna eigenkapital | | 11 449 | | -1 400 | |
| | | | | **Sum overføringar** | | **11 449** | | **-1 400** | |

Classification: Open

# COOP HORDALAND SA
## Balanse

| KONSERN | | | | (Alle tall i heile tusen kroner) | Note | MORSELSKAP | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **31.12.2019** | **%** | **31.12.2018** | **%** | **EIGENDELAR** | | **31.12.2019** | **%** | **31.12.2018** | **%** |
| | | | | **ANLEGGSMIDLAR** | | | | | |
| | | | | **Immaterielle eigendelar** | | | | | |
| 7 485 | | 4 508 | | Utsett skattefordel | 11 | 12 270 | | 9 615 | |
| **7 485** | 0,5 % | **4 508** | 0,3 % | **Sum immaterielle eigendelar** | | **12 270** | 1,0 % | **9 615** | 0,8 % |
| | | | | **Varige driftsmidlar** | | | | | |
| 515 079 | | 528 535 | | Tomter og bygningar | 3,13 | 102 755 | | 102 345 | |
| 195 709 | | 185 993 | | Driftslausøyre, inventar, verktøy, kontormaskiner o.l | 3,13 | 195 456 | | 185 642 | |
| **710 789** | 47,7 % | **714 528** | 48,6 % | **Sum varige driftsmidler** | | **298 211** | 23,7 % | **287 987** | 23,6 % |
| | | | | **Finansielle anleggsmidlar** | | | | | |
| 34 369 | | 34 369 | | Partsinnskot i Coop Norge | 4 | 34 369 | | 34 369 | |
| 646 | | 646 | | Investeringar i aksjer og andeler | 5 | 351 729 | | 351 104 | |
| 196 523 | | 198 108 | | Investeringar i tilknytta selskap | 18 | 0 | | 0 | |
| 15 793 | | 18 568 | | Ansvarlege lån til tilknytta selskap | 5,7 | 30 847 | | 33 196 | |
| 9 381 | | 9 287 | | Andre fordringar | 7,12 | 9 381 | | 9 287 | |
| **256 712** | 17,2 % | **260 978** | 17,8 % | **Sum finansielle anleggsmidlar** | | **426 326** | 33,9 % | **427 956** | 35,1 % |
| **974 985** | 65,4 % | **980 014** | 66,7 % | **Sum anleggsmidlar** | | **736 806** | 58,6 % | **725 557** | 59,5 % |
| | | | | **OMLAUPSMIDLAR** | | | | | |
| 294 928 | 19,8 % | 286 969 | 19,5 % | Varebehehaldning | 6,13 | 294 928 | 23,5 % | 286 969 | 23,6 % |
| | | | | **Fordringar** | | | | | |
| 7 435 | | 10 768 | | Kundefordringar | 12 | 5 715 | | 10 082 | |
| 9 911 | | 18 387 | | Kortsiktige fordringar | | 43 582 | | 40 227 | |
| **17 346** | 1,2 % | **29 154** | 2,0 % | **Sum fordringar** | | **49 297** | 3,9 % | **50 309** | 4,1 % |
| | | | | **Bankinskot, kontantar o.l** | | | | | |
| 97 302 | | 119 408 | | Bankinnskudd, kontanter o.l. | 14 | 70 893 | | 102 097 | |
| 105 272 | | 53 460 | | Coop Norge SA plasseringskonto | | 105 272 | | 53 491 | |
| **202 574** | 13,6 % | **172 867** | 11,8 % | **Sum bankinnskot, kontantar o.l** | | **176 165** | 14,0 % | **155 588** | 12,8 % |
| **514 848** | 34,6 % | **488 991** | 33,3 % | **Sum omløpsmidlar** | | **520 391** | 41,4 % | **492 866** | 40,5 % |
| **1 489 833** | 100,0 % | **1 469 005** | 100,0 % | **SUM EIGENDELAR** | | **1 257 197** | 100,0 % | **1 218 422** | 100,0 % |

| KONSERN | | | | (Alle tall i heile tusen kroner) | Note | MORSELSKAP | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **31.12.2019** | **%** | **31.12.2018** | **%** | **EIGENKAPITAL OG GJELD** | | **31.12.2019** | **%** | **31.12.2018** | **%** |
| | | | | **EIGENKAPITAL** | | | | | |
| | | | | **Innskoten eigenkapital** | | | | | |
| 42 580 | | 40 166 | | Ansvarsinnskot | 8,9 | 42 580 | | 40 166 | |
| **42 580** | 2,9 % | **40 166** | 2,7 % | **Sum innskoten eigenkapital** | | **42 580** | 3,4 % | **40 166** | 3,3 % |
| **488** | 0,0 % | **434** | 0,0 % | **Minoritet** | | | | | |
| | | | | **Opptjent eigenkapital** | | | | | |
| 0 | | 0 | | Felleseigd ansvarskapital | 9 | 20 926 | | 20 926 | |
| 0 | | 0 | | Reservefond | 9 | 22 821 | | 22 821 | |
| 0 | | 0 | | Utbyttefond | 9 | 35 317 | | 35 317 | |
| 0 | | 0 | | Annan eigenkapital | 9 | 167 094 | | 155 647 | |
| 244 652 | | 238 661 | | Fond | | - | | - | |
| **244 652** | 16,4 % | **238 661** | 16,2 % | **Sum opptent eigenkapital** | | **246 158** | 19,6 % | **234 711** | 19,3 % |
| **287 719** | 19,3 % | **279 261** | 19,0 % | **Sum eigenkapital** | | **288 738** | 23,0 % | **274 877** | 22,6 % |
| | | | | **GJELD** | | | | | |
| | | | | **Avsetning for forpliktelser** | | | | | |
| 0 | | 0 | | Utsatt Skatt | | 0 | | 0 | |
| 9 982 | | 8 493 | | Pensjonspliktar | 10 | 9 982 | | 8 493 | |
| **9 982** | 0,7 % | **8 493** | 0,6 % | **Sum avsetjing for pliktar** | | **9 982** | 0,8 % | **8 493** | 0,7 % |
| | | | | **Anna langsiktig gjeld** | | | | | |
| 223 238 | | 235 633 | | Gjeld til kredittinstitusjonar | 13,17 | - | | - | |
| 476 932 | | 488 564 | | Medlemsinnskot, langsiktige | 15,17 | 476 932 | | 488 349 | |
| **700 170** | 47,0 % | **724 198** | 49,3 % | **Sum anna langsiktig gjeld** | | **476 932** | 37,9 % | **488 349** | 40,1 % |
| | | | | **Kortsiktig gjeld** | | | | | |
| 93 587 | | 72 333 | | Varegjeld Coop Norge Handel | | 93 265 | | 67 329 | |
| 6 985 | | 5 599 | | Betalbar skatt | 11 | 6 985 | | 5 599 | |
| 203 794 | | 193 179 | | Medlemsinnskot, kortsiktige | 15 | 203 794 | | 193 179 | |
| 18 056 | | 17 296 | | Gjeld til kredittinstitusjonar | | 0 | | 0 | |
| 64 717 | | 62 109 | | Gjeld til det offentlege | | 64 766 | | 51 342 | |
| 43 031 | | 45 366 | | Skyldig kjøpeutbytte | | 43 031 | | 45 366 | |
| 61 792 | | 61 172 | | Anna kortsiktig gjeld | 12,16 | 69 704 | | 83 889 | |
| **491 962** | 33,0 % | **457 053** | 31,1 % | **Sum kortsiktig gjeld** | | **481 545** | 38,3 % | **446 704** | 36,7 % |
| **1 202 114** | 80,7 % | **1 189 744** | 81,0 % | **Sum gjeld** | | **968 459** | 77,0 % | **943 546** | 77,4 % |
| **1 489 833** | 100,0 % | **1 469 005** | 100,0 % | **SUM GJELD OG EIGENKAPITAL** | | **1 257 197** | 100,0 % | **1 218 422** | 100,0 % |

Bergen 31. desember 2019/ 10. mars 2020

Jørn Lekve
Styreleiar

Christine Flataker Johannessen
Nestleiar

Trude Jacobsen
Styremedlem
COOP Norge SA

Thomas Samdal
Styremedlem
Valt av medlemane

Hilde Førland
Styremedlem
Valt av medlemane

Hilde Klever
Styremedlem
Valt av dei tilsette

Cathrine Henriksen
Styremedlem
Valt av dei tilsette

Trygve Lerch Dahl
Styremedlem
Valt av dei tilsette

Lise Komnæs Jæger
1. vararepresentant
Valt av medlemane

Per Kristian Sandal
1. vararepresentant
Valt av dei tilsette

Lise Skarpås
Administrerande direktør

# Coop Hordaland SA

## Kontantstrømanalyse

| KONSERN | | | | MORSELSKAP | |
|---|---|---|---|---|---|
| 2019 | 2018 | | (Alle tall i hele tusen kroner) | 2019 | 2018 |
| | | | **Kontantstrømmer fra operasjonelle aktiviteter** | | |
| 9 962 | 812 | +/- | Resultat før skattekostnad | 15 686 | -576 |
| -5 506 | -9 950 | - | Betalt skatt/ tilbakebetalt skatt i perioden | -5 506 | -9 950 |
| 66 201 | 66 841 | + | Ordinære avskrivninger | 55 133 | 55 984 |
| -1 021 | 0 | +/- | (Gev.)/ tap ved avgang anleggsmidler | 0 | 0 |
| -7 959 | 258 | +/- | Endring i varelager | -7 959 | 258 |
| 3 333 | 14 321 | +/- | Endring i kundekrav | 4 367 | 9 392 |
| 21 255 | 3 987 | +/- | Endring i leverandørgjeld | 25 936 | 3 096 |
| 1 489 | 5 433 | +/- | Forskjell mellom kostn.ført pensj. og inn-utbet. i pensj.ordn. | 1 489 | 5 434 |
| 2 210 | -5 212 | +/- | Poster klassifisert som investering eller finans akt. | 0 | 0 |
| 19 956 | 43 420 | +/- | Endring i andre tidsavgrensingsposter | -6 548 | 29 874 |
| **109 919** | **119 910** | **=** | **Netto kontantstøm fra operasjonelle aktiviteter** | **82 598** | **93 512** |
| | | | | | |
| | | | **Kontantstømmer fra investeringsaktiviteter** | | |
| 3 854 | 0 | + | Innbetalinger ved salg av varige driftsmidler | 0 | 0 |
| -65 364 | -57 677 | - | Utbetalinger ved kjøp av varige driftsmidler | -65 357 | -53 118 |
| 0 | -500 | + | Innbetalinger ved salg av aksjer og andeler | 0 | -500 |
| -625 | 0 | + | Utbetaling ved kjøp av aksjer og andeler | -625 | 0 |
| 0 | -2 360 | - | Utbetaling ved kjøp av andre investeringer | 0 | -2 891 |
| **-62 135** | **-60 537** | **=** | **Netto kontantstømmer fra investeringsaktiviteter** | **-65 982** | **-56 509** |
| | | | | | |
| | | | **Kontantstømmer fra finansieringsaktiviteter** | | |
| 0 | 15 201 | + | Innbetalinger ved opptak av ny langsiktig gjeld | 0 | 25 100 |
| -21 253 | 10 801 | - | Utbetalinger ved nedbetaling av langsiktig gjeld | -9 068 | 10 801 |
| 760 | 0 | + | Innbetalinger ved opptak av ny kortsiktig gjeld | 10 615 | 0 |
| 2 414 | 2 188 | +/- | Endring i ansvarskapital | 2 414 | 2 188 |
| **-18 079** | **28 190** | **=** | **Netto kontantstømmer fra finansieringsaktiviteter** | **3 961** | **38 089** |
| | | | | | |
| 29 706 | 87 563 | = | **Netto likviditetsendring gjennom året** | 20 577 | 75 092 |
| **172 867** | **85 305** | **-** | **Beholdning av kontanter og kontantekv. 1.1.** | **155 588** | **80 496** |
| **202 574** | **172 867** | **=** | **Beholdning av kontanter og kontantekv. 31.12** | **176 165** | **155 588** |

# Coop Hordaland SA

## Noter til Årsrekneskapen 2019

**Note 1 Rekneskapsprinsipp**

**Års- og konsernregneskapet for Coop Hordaland SA består av fylgjande delar for morselskapet og konsernet:**

- Resultatrekneskap
- Balanse
- Kontantstraumoppstilling
- Notar
- Konsernrekneskap

Årsregnskapet, som er utarbeid av selskapet sitt  styre og leiing, må lesast i samanheng med årsmeldinga og revisjonsmeldinga. Når faktiske tall ikkje er tilgjengelig/sikre på tidspunktet for avlegging av rekneskapen, tilsier god regnskapsskikk at leiinga bereknar eit best mogeleg estimat for bruk i resultatrekneskap og balanse. Det kan framkome avvik mellom estimerte og faktiske tal.

**Grunnleggjande prinsipp - vurdering og klassifisering**

Årsrekneskapen er basert på dei grunnleggjande prinsipp om historisk kost, samanliknbare tal, at drifta skal halda fram, kongruens og varsemd. Transaksjonar er rekneskapsført til verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet. Inntekter er resultatført når dei er opptent og kostnader er samanstilt med opptente inntekter. Når faktiske tal ikkje er tilgjengelege/sikre på tidspunktet for avleggjing av rekneskapet, tilseier god rekneskapsskikk at leiinga bereknar eit best mogeleg estimat for bruk i resultatrekneskap og balanse. Det kan framkome avvik mellom estimerte og faktiske tal.

Eigendelar /gjeld som relaterer seg til varekrinslaupet og postar som forfell til betaling innan eitt år etter balansedagen, er klassifisert som omlaupsmiddel/kortsiktig gjeld. Vurdering av omlaupsmiddel/kortsiktig gjeld skjer til lågaste/høgaste verdi av anskaffingskost og verkeleg verdi. Verkeleg verdi er definert som anteke framtidig salspris redusert med forventa salskostnadar. Andre eigendelar er klassifisert som anleggsmidlar.

Anna langsiktig gjeld og kortsiktig gjeld er vurdert til pålydande beløp.

**Leige**

Driftsmidlar som vert leigd på vilkår som i det vesentlege overførar økonomisk risiko og kontroll til selskapet (finansiell leasing), vert balanseført under varige driftsmidlar og tilhøyrande leigeplikter er tatt med som skyldnad under renteberande langsiktig gjeld til noverdien av leigebetalingane. Driftsmiddelet er avskrive planmessig, og skyldnaden er redusert med betalt leige etter frådrag for rekna rentekostnad.

**Varige driftsmidlar**

Anleggsmidlar vert verdsatt til anskaffingskost. Anleggsmidler vert avskreve over forventa, økonomisk levetid. Investeringstilskot vert avrekna mot anskaffingskost og reduserer anskaffingskost på dei anleggsmidlane dei er knytt til. Dersom det finn stad ei verdinedgang som ikkje er forbigåande, vert anleggsmiddelet skreve ned i verdi.

Coop Hordaland SA har betydelige investeringer i varige driftsmidler, immaterielle eiendeler inklusiv goodwill, tilknyttede selskap og datterselskap. Disse anleggsmidlene testes for nedskrivninger når det foreligger indikatorer på mulig verdifall.

**Andre aksjer og andeler klassifisert som anleggsmidler**

Aksjer og andeler i datterselskaper, felleskontrollert virksomhet og tilknyttet selskap regnskapsføres etter kostmetoden i selskapsregnskapet. Aksjar og mindre investeringar i selskap der selskapet ikkje har monaleg påverknad, er klassifisert som anleggsmidlar og er balanseført til kost ved kjøp. Investeringane er nedskrivne til verkelig verdi ved verdifall som ein ventar ikkje er forbigåande. Motteke utbyte frå selskapa er inntektsført som finansinntekt.

**Andre fordringar klassifisert som anleggsmidlar**

Andre fordringar er balanseført til anskaffingskost. Andre fordringar er nedskrivne til verkeleg verdi ved verdifall som er venta ikkje å vera forbigåande.

**Varer**

Varer er vurdert til lågaste verdi av anskaffingskost etter FIFO-metoden og netto salsverdi. Det vert avsett for påreknelig ukurans på verdien av varelageret.

**Fordringar**

Kundekrav og andre fordringar er oppført til pålydande etter frådrag for avsetnad til forventa tap. Avsetnad til tap er gjort på grunnlag av ei individuell vurdering av dei einskilde krava.

**Bankinnskudd, kontanter o.l.**
Bankinnskudd, kontanter ol. inkluderer kontanter, bankinnskudd og andre betalingsmidler med forfallsdato som er kortere enn tre måneder fra anskaffelse.

**Pensjonsplikter, -milder og pensjonskostnad**

Ny AFP-ordning
Ny AFP-ordning er ikkje ei førtidspensjonsordning, men ei yting. Ordninga er ei ytingsbasert fleirforetaksordning. Det er selskapet si oppfatning at det foreløpig ikkje har tilstrekkelrg informasjon om fordeling av pensjonskostnad, pensjonsforplikter og -midlar i ordninga kor påliteleg måling kan gjerast innanfor ei balansert kost/nytte-vurdering. Selskapet behandlar difor ordninga rekneskapsmessig som ein innskotssplan der premiebetalingar kostnadsførast løpande. Det er ingen avsetnad for pliktene i rekneskapet. Slik Fellesordningen har lagt opp finansieringsstrukturen tilknytta ny AFP forventast fakturert premie å auka i åra framover. Når eller viss tilstrekkelege data foreligg på ein tilgjengelig måte slik at berekningar kan gjerast, kan det ikkje utelukkast at plikta som må innarbeidast vil vere betydeleg.

**Utsett skatt og skattekostnad**

Utsett skatt er berekna på bakgrunn av mellombelse skilnader mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar ved utgangen av rekneskapsåret. Ved berekninga er nominell skattesats nytta. Positive og negative skilnader er vurdert mot kvarandre innanfor same tidsintervall. Somme postar er likevel vurdert einskilt, herunder pensjonsplikter. Utsett skattefordel oppstår i fall ein har mellombelse skilnader som gjev opphav til skattemessige frådrag i framtida. Endringar i utsett skatt og utsett skattefordel, saman med betalbar skatt for inntektsåret, korrigert for feil i berekningane for tidligare år, utgjer årets skattekostnad.

Skattekostnaden er samanstilt med rekneskapsmessig resultat før skatt. Skatt knytt til eigenkapitaltransaksjonar er ført mot eigenkapitalen. Skattekostnaden består av betalbar skatt (skatt på året si direkte skattepliktige inntekt) og endring i netto utsett skatt. Skattekostnaden er fordelt på ordinært resultat og resultat av ekstraordinære postar i høve til skattegrunnlaget. Utsett skatt og utsett skattefordel er presentert netto i balansen.

Utsett skattefordel balanseførast berre i den grad det er sannsynleg at det vil vera framtidig skattepliktig overskot som er stort nok til å nyttiggjere seg av skattefordeln anten ved at eininga har synt overskot nyleg eller ved at det er identifisert eigendeler med meirverdier.

Då eigedomane er eid gjennom eigne aksjeselskap, vert det ikkje satt av for utsett skatt på meirverdi ved oppkjøp.

**Salsinntekter**

Salsinntekter vurderast til verkeleg verdi av vederlaget, netto etter frådrag for meirverdiavgift, returar og kjøpebonus. Inntekt frå sal av varer resultatførast når produkta er levert til kunden og det ikkje er uoppfylte plikter som kan påverka kunden sin aksept av levering.

**Driftskostnader**
Driftskostnader resultatførast i same periode som tilhøyarande inntekt.

**Konsernrekneskap / konsolidering / eliminering**

Konsernrekneskapen inkluderar Coop Hordaland SA og Coop Eiendom Vest AS og selskap som Coop Hordaland SA og Coop Eiendom Vest AS har bestemmande kontroll over. Bestemmande kontroll oppnåast normalt når konsernet eig meir enn 50 % av aksjane i selskapet, og konsernet er i stand til å utøva faktisk kontroll over selskapet. Minoritetsinteresser inngår i konsern sin eigenkapital. Transaksjonar og mellomverande mellom selskapa i konsernet er eliminert. Konsernrekneskap er utarbeidd etter einsartede prinsipp, ved at dotterselskap fylgjer dei same rekneskapsprinsippa som morselskapet.

Oppkjøpsmetoden er nytta ved rekneskapsføringa av verksemdssammenslutningar. Oppkjøpsmetoden inneber :

a) identifikasjon av overtakande part,

b) identifikasjon av oppkjøpstidspunkt,

c) måling og tilordning av anskaffelsingskost og

d) regnskapsføring av goodwill eller negativ goodwill.

Anskaffingskost tilordnast identifiserbare eigendelar og plikter til verkeleg verdi på oppkjøpstidspunktet, med goodwill som ufordelt differanse.

Verkeleg verdi vert berekna ut i frå estimert verdi på eigendelar og pliktar ved sal mellom viljuge, velinformerte partar.

Goodwill vert oppført med både majoriten og minoriteten sin andel.

Meir-/mindreverdiar som er identifisert ved konserndanninga, resultatførast over same periode og etter same prinsipp som den underliggande eigendelen eller plikta.

Selskap som er kjøpt eller seld i løpet av året inkluderast i konsernrekneskapen frå det tidspunktet ein oppnår kontroll og inntil kontroll opphøyrer.

Tilknytt selskap er einingar kor konsernet har betydeleg ( men ikkje bestemmande ) kontroll, over den finansielle og operasjonelle styringa ( normalt ved eigenandelar på mellom 20 % og 50 % ). Konsernrekneskapen inkluderar konsernet sin andel av resultat frå tilknytta selskap rekneskapsført etter eigenkapitalmetoden frå det tidspunktet betydeleg kontroll oppnåast og inntil slik innflytelse opphøyrer.
Når konsernet sin tapsandel overstig investeringa i eit tilknytt selskap, reduserast konsernet sin balanseførte verdi til null og ytterlegere tap rekneskapsførast ikkje med mindre konsernet har ei plikt til å dekke dekka tapet.

Driftstilskot
Driftstilskota resultatførast samstundes med den inntekta det skal auka eller kostnaden det skal redusa. Resultatføring av tilskot skjer fyrst når det er sannsynleg at betingelsane for tilskotet er eller vil verta oppfylt.

**Kontantstraumoppstilling**
Kontantstraumoppstilling er utarbeidd etter den indirekte metode i samsvar med NRS(F) Kontantstraumoppstilling. Posten Kontantar og kontantekvivalentar omfattar kontantar, bankinnskot og andre kortsiktige, likvide plasseringar som umiddelbart og med uvesentlig kursrisiko kan konverteres til kjente kontantbeløp, og med forfallsdato kortere enn tre måneder frå anskaffingstidspunktet.

**Rente Swap**

Konsernet si renterisiko er knytta til langsiktige lån. Lån med flytande rente i underkonsernet Coop Eiendom Vest er eksponert for variabilitet i kontanstraumane. For å redusera denne eksponeringa, benyttar underkonsernet renteswaper kor flytande rente mottakast og fast rente betalast. Dersom kriteria for sikringsbokføring er oppfylt inngår desse renteswapene og låna i ein kontantstraumsikring for rekneskapsmål.
Kontantstraumsikring reflekterast ved at realiserte og urealiserte vinster og tap på sikringsinstrumentet ikkje resultatførast før det underliggjande sikringsobjektet påverkar resultatrekneskapen. Det skjer inga rekneskapsføring av sikringsinstrumentet før dette tidspunkt. Urealisert tap på renetswap pr.31.12.19 er MNOK XXX.

**Note 2** **Lønskostnad, tal på tilsette, godtgjerslar, lån til tilsette mm**

| Lønskostnad | Morselskap 2019 | 2018 | Konsern 2019 | 2018 |
|---|---|---|---|---|
| Løn | 325 285 | 327 008 | 325 285 | 320 263 |
| Folketrygdavgift | 46 887 | 44 230 | 46 887 | 44 230 |
| Andre ytingar | 14 834 | 19 055 | 14 834 | 19 055 |
| Sum | 387 005 | 383 548 | 387 005 | 383 548 |
| Antall årsverk sysselsatt i året | 702 | 706 | 702 | 706 |

| Ytingar til leiande personar (tal i kr) | Løn | Pensjonskostnader | Anna godtgjersle |
|---|---|---|---|
| Administrerande direktør, perioden august-desember *) | 1 041 666 | 47 420 | 68 782 |
| Styret | 711 250 | 0 | 9 315 |
| Andre tillitsvalde | 684 100 | 0 | 0 |

*) I tillegg er det fakturert kr 2 143 731 for perioden januar-juli fra Coop Norge SA

Etter gjeldende satser mottar styreleder kr. 140.000 i årlig honorar, nestleder i styret kr. 70.000 og hvert av styremedlemmene for øvrig samt 1.varamedlemmene kr. 50.000 hver i årlig honorar.

| Lån og garantiar til fordel for : | Lån | Garantier |
|---|---|---|
| Tilsette, andelseigarar, medlemar av styret, kontrollkomite og valkomite | 0 | 0 |

Administrerende direktør har en generell bonusavtale som er basert på oppnådd resultat for Coop Hordaland. Utover dette foreligger ikke avtaler om bonus, etterlønn eller pensjon til administrerende direktør eller medlemmer av styret.

| Revisor | Morselskap 2019 | 2018 | Konsern 2019 | 2018 |
|---|---|---|---|---|
| Lovpålagt revisjon | 565 | 541 | 780 | 739 |
| Andre attestasjonstenester | 97 | 87 | 97 | 87 |
| Andre tenester utanfor revisjonen | 493 | 472 | 719 | 691 |
| Sum | 1 155 | 1 100 | 1 595 | 1 517 |

**Note 3** **Varige driftsmidlar**
**Morselskap**

-8 274

| | Tomter | Bygn. og anna fast eigedom | Driftslausøyre, inventar, verkty o.l. | Anlegg under utførelse | Sum |
|---|---|---|---|---|---|
| Anskaffelseskost 01.01.19 | 3 112 | 129 005 | 519 158 | 39 476 | 690 751 |
| Tilgang kjøpte driftsmidlar | 12 936 | 27 377 | 60 698 | (35 651) | 65 360 |
| Avgang | 0 | | 0 | | 0 |
| **Anskaffelseskost 31.12.19** | 16 048 | 156 382 | 579 856 | 3 825 | 756 111 |
| Akkumulert avskriving 31.12.19 | 0 | 73 501 | 384 400 | 0 | 457 901 |
| Netto akk. nedskriving 31.12.19 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Avskrivingar og nedskrivingar 31.12.19 | 0 | 73 501 | 384 400 | 0 | 457 901 |
| **Bokført verdi pr. 31.12.19** | **16 048** | **82 881** | **195 456** | **3 825** | **298 211** |
| Årets avskriving | 0 | 4 252 | 50 881 | | 55 133 |
| Økonomisk levetid | | 30 år | 3-10 år | | |
| Avskrivningsplan | Ingen | Lineær | Lineær | | |
| Årleg leige av ikkje balanseførte driftsmidlar | 0 | 128 740 338 | 0 | | 128 740 338 |
| Balanseførte leigeavtalar inkl. i kostpris | 0 | 0 | 0 | | 0 |

**Varige driftsmidlar**
**Konsern**

| | Tomter | Bygn. og anna fast eigedom | Driftslausøyre, inventar, verkty o.l. | Sum |
|---|---|---|---|---|
| Anskaffelseskost 01.01.19 | 141 457 | 523 118 | 546 951 | 1 211 526 |
| Tilgang kjøpte driftsmidler | 12 936 | -8 270 | 60 698 | 65 364 |
| Avgang | | 2 900 | | 2 900 |
| **Anskaffelseskost 31.12.19** | 154 393 | 511 948 | 607 649 | 1 273 990 |
| Akkumulerte avskrivninger 31.12.19 | 0 | 145 262 | 388 590 | 533 852 |
| Netto akk. nedskrivninger 31.12.19 | 0 | 6 000 | 23 350 | 29 350 |
| Avskrivningar og nedskrivingar 31.12.19 | 0 | 151 262 | 411 940 | 563 202 |
| **Bokført verdi pr. 31.12.19** | **154 393** | **360 686** | **195 709** | **710 789** |
| Årets avskriving | 0 | 15 289 | 50 912 | 66 201 |
| Økonomisk levetid | | 30-50 år | 3-10 år | |
| Avskrivingsplan | Ingen | Lineær | Lineær | |

## Note 4

### Partsinnskot i NKL

Coop Hordaland SA er medlem i Coop Norge SA som er samyrkjelaga sin fellesorganisasjon.

Partsinnskotet i Coop Norge SA er fastsett til kr. 75.000,- ved innmelding og deretter aukar partsinnskotet årleg med 25% av summen Coop Norge SA kvart år betalar ut i kjøpeutbytte. Plikta til å auke partsinnskotet fell vekk dei åra Coop Norge ikkje gjev kjøpeutbytte. Ansvaret for Coop Norge sine plikter er avgrensa til partsinnskotet. Rente på partsinnskotet er avgrensa.

## Note 5 Aksjar og partar i andre føretak m.v. samt ansvarleg lån

**Morselskap:**

| (Tall i kr.) | Resultat | Eigenkapital | Eigerandel | Kostpris | Balanseført verdi på aksjar | Ansvarleg lån |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Osøyro | | | | 4 000 | 4 000 | |
| Fjord Line AS | | | | 2 000 | 2 000 | |
| Reisemål Destinasjon Hardanger | | | 0,8 % | 8 000 | 8 000 | |
| Ulvik Næringsutvikling AS | | | | 5 000 | 5 000 | |
| L.O.G | | | | 500 | 500 | |
| DnB NOR ASA | | | | 58 926 | 58 926 | |
| Borgstova i Vik | | | 25,0 % | 15 000 | 1 | |
| Coop Eiendom Vest AS | 5 787 858 | 96 566 860 | 100,0 % | 143 730 080 | 143 730 080 | |
| Hardangervegen AS | | | | 0 | 5 000 | |
| Hardangerbadet AS | | | | 59 829 | 59 829 | |
| Hardangerbadet Eigedom AS | | | | 500 000 | 500 000 | |
| Coop Hordaland Eiendom AS | 1 041 480 | 412 809 902 | 50,0 % | 130 000 000 | 204 644 000 | |
| Åsane Bolig og Åsane Energi AS | | | | | 2 711 353 | |
| Sum dotterselskaper | | | | **274 383 335** | **351 728 689** | **0** |

I tillegg har Coop Hordaland gitt eit ansvarleg lån til Vestlundveien 9 AS på kr. 14 785 118.

## Note 6 Varer

| | | Morselskap 2019 | Morselskap 2018 | Konsern 2019 | Konsern 2018 |
|---|---|---|---|---|---|
| Innkjøpte handelsvarer | | 294 928 | 286 969 | 294 928 | 286 969 |
| Sum | | 294 928 | 286 969 | 294 928 | 286 969 |
| Nedskriving for ukurans | kr. | 21 539 | 20 898 | 21 539 | 20 898 |

## Note 7 Balanseført verdi på fordringar med forfall seinare enn eitt år

| | Morselskap 2019 | Morselskap 2018 | Konsern 2019 | Konsern 2018 |
|---|---|---|---|---|
| Andre fordringar | 9 381 | 9 287 | 9 381 | 9 287 |
| Ansvarleg lån til tilknytta selskap | 30 847 | 33 196 | 15 793 | 18 568 |

## Note 8 Medlem

**Eigarstruktur**

Coop Hordaland SA er ei medlemseigd verksemd med 142 022 medlemer pr. 31.12.19.

## Note 9 Eigenkapital for morselskap

| | Ansvars-innskot | Felleseigd ansvarskapital | Reserve-fond | Fond for kjøpeutbyte | Annan EK | Sum |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Eigenkapital 01.01.19** | **40 166** | **20 926** | **22 821** | **35 317** | **155 646** | **274 877** |
| | | | | | | **0** |
| Årets endring i eigenkapital: | | | | | | **0** |
| Auka medlemsinnskudd | 2 414 | 0 | 0 | 0 | 0 | **2 414** |
| Årets resultat | 0 | 0 | 0 | 0 | 11 449 | **11 449** |
| **Egenkapital 31.12.19** | **42 580** | **20 926** | **22 821** | **35 317** | **167 094** | **288 738** |

Hvert medlem hefter for kr. 300,- som er ansvarsinnskudd etter ny ordning. Beløpet innbetales ved innmelding. Eldre medlemskap kan hefte for beløp som er mindre enn kr. 300,-

Renter av ansvarsinnskudd godskrives medlemmene, men bare når overskuddet tillater det.

Valgbar til styrende organer er den som er myndig, har vært medlem minst 6 månader, betalt ansvarsinnskudd og handlet for minst kr 8.000,- de siste seks måneder eller minst kr 16.000,- de siste tolv måneder.

## Note 9 Eigenkapital konsern

| | Ansvars-innskot | Fond | Minoritet | Sum |
|---|---|---|---|---|
| **Eigenkapital 01.01.19** | **40 166** | **238 661** | **434** | **279 261** |
| Årets endring i eigenkapital: | | | | |
| Auka medlemsinnskot | 2 414 | | | 2 414 |
| Årets resultat til majoritet | | 5 993 | | 5 993 |
| Årets resultat til minoritet | | | 54 | 54 |
| **Egenkapital 31.12.19** | **42 580** | **244 652** | **488** | **287 719** |

## Note 10 Pensjonskostnader, -midlar og -pliktar

**Samansetjing av samla pensjoner og pensjonspliktar**

Selskapet er pliktig til å ha tenestepensjon etter lov om obligatorisk tenestepensjon.
Selskapets pensjonsordninger tilfredsstiller lova sine krav. Hovedpensjonsordningen som er ein tilskotsplan omfattar 679 personer og kostnadsførast etter kvart som premien påløp. Styret stadfester at ordinga tilfredsstiller lova sine krav.

Totale pensjonsordningar har følgjande kostnader:

| **Pensjonskostnad** | **2019** | **2018** |
|---|---|---|
| Pensjonskostnad tilskotsplan | 6 346 | 5 734 |
| Pensjonsforpliktelse | 9 982 | 8 493 |
| Avtalefesta pensjon | 4 718 | 3 153 |
| Arbeidsgiveravgift av øvrige pensjonsordningar | 2 967 | 2 451 |
| **Sum pensjonskostnad** | 24 013 | 19 831 |

## Note 11 Skattekostnad

| | **Morselskap** | | **Konsern** | |
|---|---|---|---|---|
| **Betalbar skatt kjem fram slik:** | **2019** | **2018** | **2019** | **2018** |
| Ordinært resultat før skattekostnad | 15 686 | -576 | 9 962 | 812 |
| Permanente skilnader | 10 | 10 | 4 274 | -3 627 |
| Endring mellombels skilnader | 12 068 | 20 995 | 13 530 | 23 244 |
| Avgitt konsernbidrag | | | | |
| Nytta framførbart underskot og godtgjersle | | | | |
| Grunnlag betalbar skatt | 27 764 | 20 429 | 27 766 | 20 429 |
| Skatt 22% / 23% | 6 108 | 4 699 | 6 108 | 4 699 |
| **Betalbar skatt på årets resultat** | 6 108 | 4 699 | 6 108 | 4 699 |

| | **Morselskap** | | **Konsern** | |
|---|---|---|---|---|
| | **2019** | **2018** | **2019** | **2018** |
| Resultat før skattekostnad | 15 686 | -576 | 9 962 | 812 |
| Skatt 22 % / 23% av resultat | 3 451 | -133 | 2 192 | 187 |
| Resultatført skatt | 4 237 | 824 | 3 915 | 74 |
| Avvik | -786 | -956 | -1 724 | 113 |
| Skatt på formue | -877 | -900 | -877 | -900 |
| Avrekning fjorårets skatter | 93 | 383 | 93 | 383 |
| Skatt på permanente skilnadar | -2 | -2 | -940 | 834 |
| Virkning av endring skattesats utsatt skatt | 0 | -437 | 0 | -205 |
| **Sum avvik** | -786 | -956 | -1 724 | 113 |

| | **Morselskap** | | **Konsern** | |
|---|---|---|---|---|
| **Årets skattekostnad kjem fram slik:** | **2019** | **2018** | **2019** | **2018** |
| Betalbar skatt på årets resultat | 6 108 | 4 699 | 6 108 | 4 699 |
| Formuesskatt | 877 | 900 | 877 | 900 |
| Avrekning fjorårets skatt | -93 | -383 | -93 | -383 |
| Tilbakeføring avsatt skatt tidlegare år | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Skatt på permanente skilnadar | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Brutto endring utsett skattefordel | -2 655 | -4 392 | -2 977 | -5 141 |
| **Årets totale skattekostnad** | 4 237 | 824 | 3 915 | 74 |

**Spesifikasjon av grunnlag for utsett skatt/utsett skattefordel:**
**Forskjeller som utlikna:**

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Anleggsmidlar | -37 300 | -28 182 | -15 766 | -4 570 |
| Omlaupsmidlar | -21 539 | -20 647 | -21 539 | -20 647 |
| Utestående fordringar | -264 | -725 | -1 193 | -1 548 |
| Gevinst og tapskonto | 13 315 | 16 643 | 14 457 | 17 064 |
| Pensjoner | -9 982 | -10 791 | -9 982 | -10 791 |
| Underskot til framføring | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum** | -55 771 | -43 702 | -34 023 | -20 492 |
| **Utsett skattefordel** | -12 270 | -9 615 | -7 485 | -4 508 |

Skattesatsen er 22 % i 2019. Effekt på balanseført verdi på utsett skattefordel inngår som endring i utsett skattefordel. Utsett Skatt er berekna med 22 %.

## Note 12 Mellomverande med selskap i same konsern (morselskap)

| | Kundefordringar | | Andre fordringar | |
|---|---|---|---|---|
| | 2019 | 2018 | 2019 | 2018 |
| Foretak i same konsern | 578 | 430 | 66 703 | 45 017 |
| Sum | 578 | 430 | 66 703 | 45 017 |

| | Leverandørgjeld | | Øvrig Gjeld | |
|---|---|---|---|---|
| | 2019 | 2018 | 2019 | 2018 |
| Foretak i same konsern | 1 061 | 1 657 | 12 148 | 10 512 |
| Sum | 1 061 | 1 657 | 12 148 | 10 512 |

## Note 13 Pantstillingar og garantiar m.v.

| | Morselskap | | Konsern | |
|---|---|---|---|---|
| **Bokført gjeld som er sikra ved pant o.l.:** | **2019** | **2018** | **2019** | **2018** |
| Gjeld til kredittinstitusjonar | 0 | 0 | 223 238 | 235 633 |
| Anna langsiktig gjeld | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Sum | 0 | 0 | 223 238 | 235 633 |

| | Morselskap | | Konsern | |
|---|---|---|---|---|
| **Bokført verdi av eiendeler som er beheftet med pant** | **2019** | **2018** | **2019** | **2018** |
| Driftslausøyre, inventar, verkty, maskiner | 195 456 | 185 642 | 195 456 | 185 642 |
| Bygningar | 82 881 | 58 839 | 265 572 | 258 991 |
| Totalt | 278 337 | 244 481 | 461 028 | 444 632 |

Det er avgitt pant i varelager til Samvirkelagenes Garantifond AL som sikkerhet for medlemsinnskot.

## Note 14 Bankinnskot

Bankinnskot, kontanter o.l. omfattar bundne skattetrekksmidlar med kr. 12 180 426.
CH har unytta trekkfasiliteter på kassekreditt på kr. 50 000 000.

## Note 15 Medlemsinnskudd

Medlemsinnskot er det beløp eit medlem har plassert i laget utover ansvarsinnskotet.
Medlemsinnskota er sikra gjennom Samvirkelagenes Garantifond A/L.
CH SA har to typer innskotskonti, medlemskonto og høgrentekonto.
Høgrentekonto er klassifisert under langsiktig gjeld og medlemskonto er klassifisert under kortsiktig gjeld.
I samsvar til Garantifondet si vilkår for garanti ligg rentesatsane på dei to kontoane innanfor dei maksimale rentesatsane som

Samvirkelagenes Garantifond A/L godkjenner på medlemane sine låneinnskot.

## Note 16 Anna kortsiktig gjeld

| | Morselskap | | Konsern | |
|---|---|---|---|---|
| **Anna kortsiktig gjeld inneheld føljande:** | **2 019** | **2018** | **2 019** | **2018** |
| Skyldig løn og feriepengar | 52 507 | 62 299 | 52 507 | 62 299 |
| Tidsavgrensningar | 5 064 | 3 633 | 5 064 | 3 633 |
| Andre gjeldspostar | 12 133 | 17 957 | 4 221 | -4 760 |
| Sum | 69 704 | 83 889 | 61 792 | 61 172 |

## Note 17 Langsiktig gjeld

| | Morselskap | | Konsern | |
|---|---|---|---|---|
| | **2 019** | **2018** | **2 019** | **2018** |
| Gjeld med forfall meir enn fem år etter rekneskapsårets slutt: | 0 | 0 | 161 257 | 122 797 |

Langsiktig gjeld på låneinnskot frå medlemene har ikkje fast forfallsstruktur.

**Note 18** **Konsernselskaper og tilknyttede selskaper**

**Følgjande selskap og underkonsern inngår i konsernet Coop Hordaland SA, foruten morselskapet Coop Hordaland SA:**

| **Navn** | Forretnings-kontor | **Eigarandel = stemmeandel** | **Anskaffelses-kost** | **Resultat** | **Eigenkapital** | **Konsoliderings-prinsipp** |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Underkonsernet Coop Eiendom Vest AS består av følgjande selskap *** | | | | | | |
| CEV AS, morselskap | Bergen | 100,0 % | | 5 789 | 96 567 | Oppkjøp |
| CEV Nyborg AS | Bergen | 100,0 % | 106 | 2 496 | 5 583 | Oppkjøp |
| CEV Kråkenes AS | Bergen | 100,0 % | 106 | 403 | 4 296 | Oppkjøp |
| CEV Vadmyra AS | Bergen | 100,0 % | 106 | 443 | 1 966 | Oppkjøp |
| CEV Fana AS | Bergen | 100,0 % | 106 | 1 253 | 2 282 | Oppkjøp |
| CEV Sverresplass AS | Voss | 100,0 % | 106 | -2 424 | 8 245 | Oppkjøp |
| CEV Skulestadmo AS | Voss | 100,0 % | 106 | 1 814 | 710 | Oppkjøp |
| CEV Granvin AS | Granvin | 100,0 % | 106 | 136 | 514 | Oppkjøp |
| CEV Flåm AS | Flåm | 100,0 % | 106 | 288 | 513 | Oppkjøp |
| CEV Ulvik AS | Ulvik | 100,0 % | 106 | 330 | 793 | Oppkjøp |
| Vestlundveien 9 AS | Bergen | 100,0 % | 10 115 | -405 | 10 115 | Oppkjøp |
| CEV Haukås AS | Bergen | 100,0 % | 37 757 | 2 797 | 295 | Oppkjøp |
| Torghuset AS | Austrheim | 100,0 % | 31 246 | 952 | 7 109 | Oppkjøp |
| Vaksdal Senter AS | Vaksdal | 100,0 % | 4 000 | -8 | -30 | Oppkjøp |
| **Øvrige selskaper i konsernet:** | | | | | | |
| Vaksdal Senter Utvikling AS | Vaksdal | 69,6 % | 1 616 | 178 | 1 620 | Oppkjøp |

* Coop Eiendom Vest AS konsern er anskaffa i trinnvise kjøp. Kontroll vart oppnådd frå 2/8 2010, og underkonsernet er innrekna på dette tidspunkt. Resultatandel frå underkonsernet er tatt med frå og med kontrolloppnåing. Tilsvarende fremgangsmåte er nytta ved oppkjøp av CEV Haukås AS ( Bep2 Invest AS ) og Torghuset AS, der kontroll vart oppnådd henholdsvis frå 1/4-2013 og 1/7-2015.

Etter oppkjøpsmetoden, er det for meirverdier på eigendommar i konsernet som er eigd gjennom eigne aksjeselskap, ikkje avsatt for utsett skatteforpliktelse då eventuelt sal av eigedommane vil skje gjennom sal av aksjar.

**Tilknytta selskap som er bokført i konsernrekneskapen etter eigenkapitalmetoden:**

| **Navn** | **Eierandel** | **Anskaffelses-kost** | **Bokført 1/1 2019** | **Kapital-endringer** | **Resultat-andel** | **Bokført 31/12 2019** | **Resultat** |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Kvassnesvegen 3 og 5 AS | 50 % | 7 152 | 3 246 | | -2 714 | 532 | 977 |
| Borgstova i Vik | 25 % | 15 | 2 | | | 2 | |
| Coop Hordaland Eiendom AS * | 50 % | 50 000 | 193 468 | | 1 644 | 195 111 | 3 959 |
| Åsane Bolig AS | 25 % | 1 732 | 1 404 | 625 | -1 100 | 929 | -4 399 |
| Åsaen Energi AS | 25 % | 335 | -11 | | -40 | -51 | -159 |
| | | 59 234 | 198 108 | 625 | -2 210 | 196 523 | 378 |

* Coop Hordaland Eiendom AS ble stiftet i 2016 og eiere pr 31.12.2019 100 % av aksjene i Bergen Logistikkbygg AS og Åsane Utvikling AS.
* Enkelte av resultatandelane inkluderer resultateffektar i selskapsregnskap etter avlagt konsernregnskap 2018

Coop Hordaland Eiendom AS eig kjøpesenteret Horisont gjennom sitt dotterselskap Åsane Handel AS.
Eksterne marknadsforhald, herunder gjennomførte transaksjonar i marknaden i 2019 i segmentet handel og undersegmentet kjøpesenter tilseier ein reprising og ei gjennomgåande høgare yield. Dette er marknadsmessige tilhøve som tilseier at det føreligg ein indikator.

Det er utført ei berekning av attvinnbart beløp for vurderingseininga Horisont ved bistand frå eksterne ekspertar i DNB Næringsmegling.
Tabellen under syner nøkkelføresetnadane nytta i bruksverditesten, inklusiv historisk snitt.

| | **Historisk snitt 2016-2019** | **Nytta i verdivurdering** |
|---|---|---|
| Eigarkost | 11,90 % | 11,80 % |
| Valuation yield | N/A | 5,25 % |
| Ledige lokal | 0,8 % | 2,1 % |

Berekna attvinnbart beløp er høgare enn bokførte verdiar, og det er ikkje identifisert nedskrivingsbehov av aksjene i Coop Hordaland Eiendom AS..

## Note 19 Transaksjonar med nærstående partar

| Tilknytta selskap i konsernet | Eigarandel |
|---|---|
| Coop Eiendom Vest AS | 100 % |
| Vaksdal Senter Utvikling AS | 69 % |
| Vaksdal senter AS | 100 % |
| Coop Hordaland Eiendom AS | 50 % |

Gruppen foretek fleire forskjellige transaksjoner med tilknyttede selskap. Alle transaksjonane er foreteken som ein del av den ordinære virksomheita og til armlengdes priser. Dei vesentligste transaksjonene som er foreteken er som følger:

A) Sal av tenester til Coop Eiendom Vest AS, Vaksdal Senter Utvikling AS og Vaksdal Senter AS for henhaldsvis MNOK 1,4 og MNOK 2,9 i 2019 og 2018.
B) Leige av eigedom fra Coop Eiendom Vest AS og Coop Hordaland Eiendom AS og Vaksdal Senter Utvikling AS. Totale leigebetalingar frå konsernet til Coop Eiendom Vest, Coop Hordaland Eiendom og Vaksdal Senter Utvikling AS utgjorde MNOK 46,8 i 2019 og MNOK 47 i 2018.
Balansen inkluderar fylgjande beløp som fylgje av transaksjonar med tilknytta selskap:

| | 2 019 | 2 018 |
|---|---|---|
| Kundefordringar | 578 | 430 |
| Leverandørgjeld | 1 061 | 1 657 |
| **Sum** | **1 639** | **2 087** |

## Note 20 Salsinntekter

All omsetning skjer frå utsalssteder i Hordaland og dessuten i Vik i Sogn og Flåm i Sogn og Fjordane.

| Coop Hordaland | | | Copp Hordaland Konsern | |
|---|---|---|---|---|
| **2 019** | **2 018** | | **2 019** | **2 018** |
| 2 608 | 2 568 | Dagligvare | 2 608 | 2 568 |
| 189 | 209 | Faghandel | 189 | 209 |
| 610 | 620 | Bygg | 610 | 620 |
| | | Andre driftsinntekter | 76 | 82 |
| **3 407** | **3 397** | **Sum salgsinntekter** | **3 483** | **3 479** |

## Note 21 Hendingar etter balansedagen

Coop Hordaland SA har ei vesentleg investering i Åsane Handel AS gjennom eigarskapet sitt i Coop Hordaland Eiendom AS. Åsane Handel hadde eit beydelig låneengasjement med forfall i byrjinga av 2020. Det er pr tidspunkt for regnskapsavleggelse inngått ny langsiktig låneavtale

Det er vanskeleg å fullt ut kunna føresjå verknadene på kort, mellomlang og lang sikt av situasjonen som har oppstått i samband med utbrotet av Covid-19. Selskapa har førebels ikkje vorte vesentleg finansielt påverka av Covid-19 utbrotet. Salet er ikkje vesentleg påverka som følgje av utbrotet, og det er ikkje indikasjonar på verdifall på eigedelane i balansen

Utover dette har det ikkje forekome hendingar etter balansedagen som har betydning for bedømminga av årsrekneskapen eller konsernrekneskapen.

KPMG

KPMG AS
Kanalveien 11
Postboks 4 Kristianborg
5822 Bergen

Telephone +47 04063
Fax +47 55 32 11 66
Internet www.kpmg.no
Enterprise 935 174 627 MVA

Til generalforsamlinga i Coop Hordaland SA

# Melding frå uavhengig revisor

## Fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen

### Konklusjon

Vi har revidert Coop Hordaland SAs sin årsrekneskap som viser eit overskot i selskapsrekneskapen på TNOK 11 449 og eit overskot i konsernrekneskapen på TNOK 6 047. Årsrekneskapen består av:

- selskapsrekneskapen, som er samansett av balanse per 31. desember 2019, resultatrekneskap og kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp, og

- konsernrekneskapen, som er samansett av balanse per 31. desember 2019, resultatrekneskap og kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining:

- er årsrekneskapen gitt i samsvar med lov og forskrifter

- gir selskapsrekneskapen som følgjer med eit rettvisande bilete av den finansielle stillinga til Coop Hordaland SA per 31. desember 2019 og av selskapet sine resultat og kontantstraumar for rekneskapsåret som blei avslutta per denne datoen i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

- gir konsernrekneskapen som følgjer med eit rettvisande bilete av den finansielle stillinga til konsernet Coop Hordaland SA per 31. desember 2019 og av konsernet sine resultat og kontantstraumar for rekneskapsåret som blei avslutta per denne datoen i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

### Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne i *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet og konsernet slik det er krav om i lov og forskrift, og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

### Ytterlegare informasjon

Leiinga er ansvarleg for ytterlegare informasjon. Ytterlegare informasjon omfattar informasjon i årsrapporten bortsett frå årsrekneskapen og den tilhøyrande revisjonsmeldinga.

Vår fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje ytterlegare informasjon, og vi attesterer ikkje den ytterlegare informasjonen.

KPMG AS, a Norwegian limited liability company and member firm of the KPMG network of independent member firms affiliated with KPMG International Cooperative ("KPMG International"), a Swiss entity.

Statsautoriserte revisorer - medlemmer av Den norske Revisorforening

Offices in:

Oslo, Alta, Arendal, Bergen, Bodø, Drammen, Elverum, Finnsnes, Hamar, Haugesund, Knarvik, Kristiansand, Mo i Rana, Molde, Skien, Sandefjord, Sandnessjøen, Stavanger, Stord, Straume, Tromsø, Trondheim, Tynset, Ålesund

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom han og årsrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om han tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon.

Dersom vi konkluderer med at den ytterlegare informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon er vi pålagde å rapportere det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

### Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, og for at han gir eit rettvisande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for naudsynt intern kontroll for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen er leiinga ansvarleg for å ta standpunkt til selskapet og konsernet si evne til å halde fram med drifta, og opplyse om tilhøve av betyding for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

### Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen

Målet med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoen for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekka, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebere samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, urette framstillingar, eller brot på interne kontrollrutinar.

- opparbeider vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapets og konsernets sin interne kontroll.

- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er formålstenlege, og vurderer om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av leiinga, er rimelege.

- konkluderer vi, basert på innhenta revisjonsbevis, på om leiinga sin bruk av framleis drift-føresetnaden ved fastsetting av årsrekneskapen er formålstenleg og om det er vesentleg uvisse knytt til hendingar eller tilhøve som kan skape tvil av betyding om selskapet og konsernet si evne til å halde fram med drifta. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentleg uvisse, må vi i revisjonsmeldinga gjere merksam på tilleggsopplysningane i årsrekneskapen, eller, dersom slike tilleggsopplysningar ikkje er tilstrekkelege, at vi modifiserer konklusjonen vår om årsrekneskapen og årsmeldinga. Konklusjonane våre er basert på revisjonsbevis innhenta inntil datoen for revisjonsmeldinga. Etterfølgjande hendingar eller tilhøve kan likevel føre til at selskapet og konsernet ikkje held fram med drifta.

- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, og tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir eit rettvisande bilete.
- innhentar vi tilstrekkeleg og formålstenleg revisjonsbevis knytt til den finansielle informasjonen til einingane eller forretningsområda i konsernet for å kunne gi uttrykk for ei meining om den konsoliderte årsrekneskapen. Vi er ansvarlege for å leie, følgje opp og gjennomføre konsernrevisjonen. Vi åleine er ansvarlege for vår revisjonskonklusjon.

Vi kommuniserer med styret mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utvekslar også informasjon om tilhøve av betyding som vi har avdekka i løpet av revisjonen, samt om eventuelle svakheiter av betyding i den interne kontrollen.

## Utsegn om andre lovmessige krav

### Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegget til resultatdisponering  er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

### Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag *(ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon»*, meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Bergen, 13. mai 2020
KPMG AS

Knut Olav Karlsen
Statsautorisert revisor

COOP DAGENS ER EIN SERIE PRODUKT
UTVIKLA FOR DEG SOM ØNSKER
RASKE OG ENKLE MIDDAGAR
TIL HEILE FAMILIEN!







Kjøper du ÅNGLAMARK hjelper du fleire barn ut i idrett!
å
Delar av salet frå Änglamark går til Coop-dugnaden som dekkjer treningsavgifta for barn som elles ikkje får delta. Saman med deg og Røde Kors gir vi fleire barn moglegheita til å delta i idrett med vener og klassekameratar.
Les meir på coopdugnaden.no
coop
litt ditt
HEIA IF
Røde Kors